


Sjekke egne spreieareal på innmarksbeite. Steg for steg instruksjon. Side 1 av 2

(Denne instruksjonen ligg og på heimesida til Bjerkreim kommune)

- 1 Du treng PC/datamaskin med tastatur og mus og internett.
- 2 Gå inn på heimesida til kommunen: <https://www.bjerkreim.kommune.no/>
- 3 Klikk deretter på meny punkt **Næring, landbruk og miljø**
- 4 Når denne sida dukkar opp går du vidare inn på meny punkt **Landbruk**
- 5 Og så vidare inn på meny punkt **Husdyrgjødsel og spreieareal**
- 6 Der vil du nedst på sida finne link til **Spreiearealportalen** Klikk på denne.
- 7 Då skal det dukka opp ei kartside med ein meny på høgre kant som ser slik ut:

Du må bruke anvist knapp for å koma vidare. Med knappane nede i kartet kan du zoome til du finn det aktuelle bruket.

Når du kjem inn i menyen med temalag kan du gå vidare til tema «Spreieareal landbrukseiendom». Då dukkar det opp lilla figurar der kommunen har registrert godkjent spreieareal. Ved å zoome inn på figurane kjem det fram tekst som viser m.a. felt nr. og godkjent spreieareal på teigen og godkjent spreieareal totalt på innmarksbeita på eignedomen.




Menyen for «Spreieareal landbrukseiendom» ser slik ut :



Ved å klikke på trakta får du opp ein ny meny der du kan skrive inn matrikelnummer i formatet:

kommunenr-gardsnummer-bruksnummer;


For eksempel: 1114-35-12



(forts. side 2)

Ferdig utfyllt kan menyen f.eks sjå slik ut:

Til slutt må du trykkja på knapper «Sett filter»



Nå vil du bare sjå figurar frå det valgte bruket i kartet.

Når utvalet er gjort går du tilbake til forrige meny og trykkjer på tabellen til høgre for trakta. Då dukkar det opp ein tabell nedanfor kartet som viser ei linje for kvar av figurane og spreieareal for kvar figur i tillegg til spreiearealet for alle teigane samla.

Dersom bruket har fått oppdatert spreiearealet av nyare dato vil dette vera det spreiearealet som brukseininga har fått godkjent på innmarksbeitet. Finn du ikkje spreieareal på din eigedom bør du ta kontakt med kommunen for å få dette ordna.

Her er eit døme på korleis dette kan sjå ut på skjermen:

Søk etter innhold i valgte kilder

EPSG:32632 N: 6504096 Ø: 334033 Målestokk 1 : 5 000 Spreieareal Bjerkreim Utviklet av Asplan Viak AS

Spreieareal digitalisering Spreieareal - Landbrukseiendom

Gårds- og bruksnummer	polygon_godkjent_spa	Godkjent spreieareal (daa)	Antall polygoner	felt_id	
1114-35-12	2,3	53,7	6	Felt 1	
1114-35-12	10,9	53,7	6	Felt 2	
1114-35-12	8,6	53,7	6	Felt 3	
1114-35-12	18,4	53,7	6	Felt 4	
1114-35-12	7,3	53,7	6	Felt 5	
1114-35-12	6,2	53,7	6	Felt 6	

☐ Vis kun objekter synlig i kart

Temalag

Alle temalag

☐ Basisdata - utvalgte

☐ Spreieareal digitalisering

☐ ARS Innmarksbeite

☒ Spreieareal - landbrukseiendom

☒ Spreieareal - Landbrukseiendom

☐ Spreieareal informasjon

☐ Kulturminner

Dersom du vil henta ut og lagra tabellen trykkjer du «exporter» i menyen ovanfor tabellen og vel for eksempel «xlsx» for å eksportera til reknearkformat. Då får du ei fil som kan opnast i eit reknearkprogram og redigerast vidare.

Instruksjonen er utarbeida i september 2021 og redigert i juni 2022 for Bjerkreim kommune av Kjell Helland.